

## Vil hjelpe vaksne dysletikarar

24.10.2007



Logoped Elin Legland vil hjelpe vaksne dysletikarar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I dag er det ikkje i Kvinnherad nokon kommunal ordning til å bistå vaksne dysletikarar. Logoped Elin Legland frå Uskedalen foreslår eit samarbeid med kommunen der ho kan yta logopedisk hjelp til diagnostisering, trening og foreslå tilrettelegging i høve til språkvanskane.**

Legland forutset då at kommunen dekkjer kostnadene til logopedisk hjelp. Dysleksi som ikkje har vorte diagnostisert i barne- og ungdomsalder og dei som treng oppfølging i vaksen alder fell mellom to stolar i systemet hvis kommunen ikkje har kapasitet til å yta logopedisk hjelp, held ho fram.

Dette fører til at einskildpersonar sjølve må ta kostnaden ved logopedisk utredning og trening og tilrettelegging. Det synes Elin Legland er urimeleg med tanke på at språkvanskar av ein slik art skulle ha vore løfta fram, undersøkt og diagnostisert medan den enkelte var i grunnskulesystemet. For barn som er i grunnskulen vil trening og tilrettelegging i tillegg til diagnostisering vere ein del av heilskapsbiletet ved logopedisk hjelp, skriv Legland til kommunen.

Ho har hatt ein del førespurnader frå enkeltpersonar i høve til logopediske tenester når det gjeld dysleksi og vaksne. Det vert stilt spørsmål om hjelp både når det gjeld utredning og tiltak. Fleire har vore i kontakt med ppt (ttbu) og fått tilbakemelding om at vaksne ikkje kan få hjelp der.

Logopedisk hjelp kan, etter visse kriteriar, dekkjast gjennom folketrygda.

Av Ola Matti Mathisen